Vil realisera ny tunnel i Kvinnherad

Ordførarane i Odda, Kvam, Jondal og Kvinnherad vil jobba saman for å rusta opp vegane i distriktet. Eit av prosjekta er ny tunnel mellom Austrepollen og Nordepollen.

ERNST OLSEN
ernst@hardanger-folkeblad.no
92817724

Dette kom fram etter eit møte mellom ordførarane i Rosendal 6. februar, eit møte som vart omtalt i avisa Grenda dagen etter. I Rosendal møtte Peder Sjo Slettebø (H), Jostein Ljones (Sp), Jon Larsgard (Sp), Roald Aga Haug (Ap). Med på møtet var og Hans Inge Myrvold (Sp), varaordførar i Kvinnherad.

- Vi vart samde om å realisera ny tunnel mellom Folgefonntunnelen og Jondalstunnelen, seier Aga Haug, ordførar i Odda.

Han fortel at tunnelen frå Austrepollen til Nordepollen i utgangspunktet kan finansierast med midlane kommunane Odda, Jondal, Kvam og Fylkeskommunen er inne med i dag - pluss bompengeinntekter.

- Jondalstunnelen vil verta nedbetalt lenge før tida, men dersom vi køyrer bompengeperioden heilt ut kan vi med pengane som ligg inne få ein tunnel utan meirkostnader for kommunane. Ei moglegheit vi ikkje kan la gå frå oss, seier han.

I tillegg skal det jobbast for å utbetra vegen mellom Mauranger og Årsnes.

- Prosjekta er viktige for både Hardanger og Kvinnherad, fortel Aga Haug.

SAMDE: *Roald Aga Haug (Ap) og Peder S. Slettebø (H).* ARKIV

■ Innleia vinterferien med mektige og varme tonar

Viste ekte speleglede

Hardanger Big Band og Tyssedalkoret inviterte til «Vinter-Swing» i aulaen på Odda vidaregåande skule.

ERNST OLSEN
ernst@hardanger-folkeblad.no
92817724

FULLT TRYKK: *Ingvill Morlandstø og dei andre i Hardanger Big Band var i storform under søndagens felleskonsert med Tyssedalkoret. Storbandet og koret hadde også eit samarbeidsprosjekt i Odda kyrkje, tilbake i november 2015.*

Søndagens felleskonsert var det andre samarbeidsprosjektet mellom koret frå Tyssedal og storbandet frå Jondal.

- Det var kjekt å sjå eit så bra publikum midt i vinterferien. No skal vi synga, spela og ha det moro, sa Eldbjørg Furholt, dirigent i Tyssedalkoret, då ho ønskte velkommen.

Ho nytta og høvet til å gratulera Hardanger Big Band med deira 30-årsjubileum, som mellom anna skal feirast med tre konsertar i Roma.

Ulike sjangrar

«VinterSwing»-prosjektet med Tyssedalkoret var første post på jubileumsprogrammet. Både kor og band varta opp med mektige og varme tonar, som raskt fekk publikum til å gløyma regn og kulde. Tyssedalkoret fekk æra av å opna showet. Dei framførte mellom anna eit par songnummer med heftige afrikanske rytmar. Deretter var det gjestene frå Jondal sin tur. Leia av dirigent Arild B. Nielsen tok Hardanger Big Band publikum med på ei reise innan ulike sjangrar, frå jazz til populærmusikk, med god hjelp av ulike gjestevokalistar. Eit av høgdepunkta var «Mustang Sally» med Tommy Tverdal frå Tyssedalkoret. Hans energiske framføring, akkompagnert av eit storband i toppform, fekk det verkeleg til å svinga i aulaen på Eide.

- Den var litt stilig, ikkje sant, sa Nielsen etter at applausen hadde stilna.

«Careless Whisper», kanskje signaturlåten til avdøde George Michael, var eit anna vakkert innslag. Espen Moe gjorde ein flott innsats på vokal, med god hjelp av Angunn Handegard Trå på saksofon. Medlemmene i storbandet så ut til å storkosa seg og viste ekte speleglede, noko som smitta over på publikum.

Skulle gjerne slått følge

Konserten vart avslutta med Tyssedalkoret og Hardanger Big Band saman på scena, noko som heva det fine musikalske trykket endå nokre hakk. Furholt takka Nielsen og dei andre i storbandet for det fine samarbeidet, og ønskte jubilanten frå Jondal god tur til Roma neste månad. Ho la ikkje skjul på at Tyssedalkoret gjerne skulle slått følge på turen. Publikum rusla deretter ut i kveldsmørket vel vitande om at storband med kor både er fengande og gøy.

FLOTT RAMME: *Felleskonserten vart halden i aulaen på Odda vidaregåande skule.*

GJESTEVOKALIST: *Espen Moe gjorde ein flott versjon av «Careless Whisper».*

BLOMSTER: *Greta Nordlund (i midten) gav blomster til dirigentane Eldbjørg Furholt og Arild B. Nielsen.*